

**Møte lørdag den 9. oktober kl. 13.**President: **I n g v a l d s e n .***Åpning av det 110. ordentlige Storting.*

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen seg kl. 13 i Stortinget, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongen leste opp følgende trontale:

«Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for Fedrelandet.

Norge ser en aktiv innsats for å trygge freden i verden som den alt overskyggende oppgave i dag. De forente nasjoner må styrkes og bygges ut slik at krig kan hindres og konflikter løses ved FN's hjelp.

Norge vil gjøre sitt til at nedrustningsforhandlingene kan føre fram til konkrete resultater. Forhandlingene om en avtale om ikke-spredning av atomvåpen og om fullstendig stans i prøvene med atomvåpen må ha første prioritet.

Norge vil fortsatt bygge sin sikkerhetspolitikk på samarbeidet med de vestlige land.

Som et ledd i bestrebelsene for fortsatt avspenning vil Norge arbeide for økt kontakt mellom landene i Øst- og Vest-Europa.

I samarbeid med utviklingslandene vil Norge fortsette og styrke arbeidet for å fremme deres økonomiske og sosiale utvikling.

Norge vil arbeide for å styrke Det europeiske frihandelsforbund og fortsette arbeidet for en tilnærming mellom Frihandelsforbundet og Fellesmarkedet.

I samarbeid med andre skipsfartsland vil Norge arbeide for fri konkurranse på like vilkår i internasjonal skipsfart.

Arbeidet med en rasjonalisering og effektivisering av vårt forsvar må fortsette med sikte på reduksjon av utgiftene.

Den økonomiske vekst i Norge er for tiden meget sterk. Prisnivået ventes å holde seg noenlunde stabil i tiden framover. Den økonomiske politikk må ta sikte på fortsatt full sysselsettig, balansert og sterk økonomisk vekst og rettferdig inntektsfordeling. Veksten i den samlede etterspørsel må holdes innenfor rammen av våre real-økonomiske ressurser. Finans- og kredittpolitikken må utformes med dette mål for øye. Lønns- og inntektsoppgjøret må samordnes slik at det omfatter alle næringer.

Statsbudsjettet er lagt opp i samsvar med langtidsprogrammet. Dette innebærer fortsatt sterk øking av innsatsen på sentrale områder, særlig undervisning og forskning og kommunikasjoner.

Det er planlagt en sterk øking i boligbyggingen. For å bidra til dette er det foreslått at sparingen over statsbudsjettet økes.

Det er foreslått en skattelettelse ved øking av fradragene i statsskatten fra og med 1966, og det er gjort framlegg om lempninger i formuesskatten.

I distriktpolitikken må det brukes effektive virkemidler for å forsterke utbyggingen av økonomisk svake områder.

Arbeidet med å styrke konkurransevnen i jordbruks- og fiskerinæringene må fortsette.

Under henvisning til Grunnlovens paragraf 74 henledes for øvrig Stortingets oppmerksomhet på en del av de saker som er ferdigbehandlet eller er under arbeid med sikte på framlegg for Stortinget:

lov om folkepensjon med sikte på iverksetting fra 1. januar 1967,

forhøyelse av satsene for alderstrygd, uføretrygd, forsørgertrygd for barn, og enke- og morstrygd med virkning fra 1. januar 1966,

utvikling av omsorgen for de handicapte, utbygging av skoler for barn og ungdom med handicap,

opprettelse av universiteter i Trondheim og Tromsø,

lov om 9-årig skole for hele landet,

utbygging av yrkesskolene,

lov om lærerutdanning,

plan for utvidet støtte til skolegang og studier,

endringer i beskatningen av ektefeller,

forslag om en Statens forretningsbank,

kraftleieavtale for en ny aluminiumsfabrikk i Vest-Agder,

refinansiering av Norsk Jernverk og Norsk Koksverk,

omorganisering av statens bedrifter i Horten, Kongsberg og Raufoss,

langtidsplan for den teknisk-naturvitenskapelige forskning,

analyse og vurdering av mulighetene for å opprettholde og utvikle den norske næringsvirksomhet på Svalbard.

utnyttelse av kisforekomstene i Joma,

tilskott til rettleidnings- og opplysningsvirksomhet i småindustri og husflid,

bygging av sambindingsveier som er blitt aktuelle etter kommunesammenslutningene.

igangsetting av nye anlegg under Oslo sentralstasjon,

plan for forsert utbygging av telefonen,

utbygging av flyplassnettet,

statlig garantiordning i forbindelse med fornyelse av fraktestøyer, nye låne- og støtteordninger for boligbyggingen, sikring av friluftsområder langs kysten, i fjellet og rundt de større byene, fredning av vassdrag og landsplan for natur- og nasjonalparker.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 110. ordentlige Storting åpnet.»

Statsråd Aase Bjerkholt leste opp følgende melding om rikets tilstand og styring:

«I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding.

I samsvar med sitt ynske om å halde oppe Dei sameinte nasjonane som ein effektivt reiskap i teneste for fred har Noreg aktivt stødd opp om dei fredsvernande tiltaka til Dei sameinte nasjonane. Det er ut frå dette syn at Noreg har arbeidd energisk for at Dei sameinte nasjonane skal komme over dei politiske og finansielle vanskaner som organisasjonen har stått andsynes i den siste tida. Til dette føremålet har Noreg ytt organisasjonen eit monaleg frivillig pengetilskott.

Saman med andre nordiske land har Noreg teki initiativet til å opprette innsatsbudde FN-styrkar som skal stå til rådvelde for Dei sameinte nasjonane. Den norske styrken er alt langt på veg utbygd og klar til innsats. Avdelingar frå hæren på om lag 500 mann held fram å gjere teneste i dei vaktstyrkane Dei sameinte nasjonane har i Midt-Austen. I kriseområdet i Kashmir har den norske kontingenten i FN's observatørkorps nyleg vorti styrkt, og Noreg har gjevi økonomisk tilskott til FN's fredsvernande operasjon på Kypros. Ordninga med å avgi personell frå Sjøforsvaret til teneste i den etiopiske marinen er under avvikling.

Noreg har vori aktivt med i samarbeidet i Det europeiske frihandelssambandet (EFTA). Tollsatsane mellom medlemslanda er no reduserte med 70 prosent. EFTA's faste råd har fått i oppdrag å gjennomgå dei ymse samarbeidsfelte i Sambandet og komme med framlegg til nærmare kontakt mellom EFTA og Det europeiske økonomiske fellesskapet (CEE). Regjeringa har følgd nøye med i utviklinga innan CEE og har freista å verne om dei norske interessene som gjennomføringa av Fellesskapet rører ved.

Noreg er mellom dei 55 landa som vart valde inn i Styret i FN's konferanse for handel og utvikling frå 1964. Styret har fire underkomitear — for råvarer, ferdigvarer, finansi-

elle spørsmål og skipsfart —, og Noreg har vorti medlem av skipsfartskomiteen.

Noreg har saman med andre nasjonar med same syn arbeidd målmedvite for å få bort skilnadgjering og restriktive tiltak i internasjonal sjøtransport, og har dermed prøvd å leggje grunnlaget til rette for ei fri utveksling av skipsfartstenester mellom landa.

Verksemda i Forsvaret held fram etter dei planar som er vedtekte for perioden 1964—68.

Omstillinga med å sikre ein større del av dei nasjonale løyvingane til materiell-investeringar går tilfredsstillande.

Hovuddelen av dei planar Forsvaret arbeider etter for å skaffe nytt materiell i perioden 1964—68 er no sett i verk. Det behov Hæren har for å fornye materiellet i dei nærmaste åra, er avklara. Nybyggingsprogrammet for Sjøforsvaret held fram i samsvar med den oppsette planen.

Arbeidet med å rasjonalisere og effektivisere organiseringa av Forsvaret har kommi godt i gang.

Folkemengda var 3 733 000 pr. 1. oktober 1965, dvs. 0,8 prosent større enn på same tid i fjor.

Arbeidsmarknaden har vori merkt av eit høgt aktivitetsnivå. Særleg stor skort har det vori på kvalifisert arbeidskraft. Sysselsetjinga auka sterkt, og den registrerte arbeidsløysa har sidan september i fjor legi til dels mykje lågare enn eit år før. Likevel var det også siste vinter noko arbeidsløysa og undersysselsetjing i dei veikt utbygde distrikta.

Ved utgangen av juli var det sysselsett 21 100 fleire lønntakarar enn i fjor. Auken fall særleg på dei tenesteytande næringane og industrien, medan det var om lag uendra sysselsetjing i byggje- og anleggsverksemda. Tallet på sysselsette i jordbruk, skogbruk og fiske gjekk ned.

Den samla produksjonen av varer og tenester i 1965 vil så langt ein på dette tidspunktet kan vurdere utviklinga, bli om lag 6 prosent større enn i 1964. Den uvanleg sterke produksjonsvokstere i dei siste åra har altså haldi fram.

Oppgaver over varebyttet med utlandet viser at verdet av innførsla utanom skip i dei åtte første månadene av 1965 var nær 8,5 milliardar kroner eller om lag 670 millionar kroner større enn i same tidsrom i fjor. Verdet av utførsla, den òg rekna utan skip, gjekk samstundes opp med 430 millionar kroner til 6,0 milliardar kroner. Auken i utførsle til dei andra EFTA-landa var 71 prosent av den samla eksportauken, av dette 61 prosent til Sverige. I alt auka eksporten til dei andre EFTA-landa med 13 prosent, medan eksporten til CEE-landa berre auka med 3,6 prosent. I

mengd auka innførsla i første halvår med 8,8 prosent og utførsla med 2,5 prosent. Samstundes steig prisane for innførte varer med 1 prosent og for utførte varer med 4 prosent. Nettoinnførsla av skip gjekk opp med 233 millionar kroner til 1010 millionar i same tidsrom i 1965. Utførsla av skip frå norske verkstader auka frå 80 til 280 millionar kroner.

I dei sju første månadene av året var nettovalutainntektene av norske skip i utanriksfart 2 635 mill. kroner eller 220 mill. større enn i same periode i fjor. Underskottet på driftsrekneskapen med utlandet var på 515 mill. kroner, dvs. 330 mill. kroner større enn i dei første sju månadene av 1964. Nettovalueutamatengda auka med i alt 471 mill. kroner i januar—juli i år til 4229 mill. kroner.

I jordbruket har vèrtilhøve og årsvokster stort sett vori noko betre enn i fjor, men også i år var det avlingssvikt i nokre strøk, særleg nordpå. Ein ventar at husdyrproduksjonen i alt kjem til å auke litt i forhold til 1964. Etter dei utrekningar som ligg føre frå budsjettnemnda for jordbruket, vil totalarbeidsinntekta i jordbruket auke med 218 mill. kroner eller 18 prosent frå 1964 til 1965.

I skogbruket vart det avverka 7,8 mill. kbm tømmer etter førebels oppgåver for hogsttida 1964—65. Dette er 6 prosent meir enn året før.

Utbytet av fisket pr. 31. juli var om lag 1 240 000 tonn mot 884 000 til same tid i 1964.

Auken i fangstutbytet kjem i første rekkje av det rike nordsjøsildefisket, men også loddefisket og vårtorskefisket gav eit betre resultat enn i fjor. Derimot var det nedgang i islandssildfisket og i feit- og småsildefisket. Også vintersildfisket og skreifisket gav eit dårlegare fangstresultat enn i 1964.

Oppgåver pr. 31 august viser at det rike fisket av nordsjøsilde held fram, kvantumet var til da kommi opp i 465 000 tonn mot ca. 100 000 tonn på same tid i fjor. Seisnurpefisket i Nord-Norge har ikkje gjevi same utbyte som i 1964. Tilhøva for eksporten av fisk og fiskeprodukt har stort sett vori tilfredsstillande. Det har gått for seg ei sterk rasjonalisering i fisket i 1964.

For kvalfangsten i Antarktis var produksjonen av kval- og spermolje i fangstbolken 1964—65 om lag 8 prosent mindre enn i sesongen før.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei sju første månadene i år 7,3 prosent større enn i same tidsrom i 1964 og 16,6 prosent større enn for 2 år sidan. Produksjonsauken frå 1964 var 2 prosent i bergverk, 7 prosent i industri og 11 prosent i kraftforsyning. Særleg sterk produksjonsauke hadde kjemisk indus-

tri, kol- og mineraloljeforedling, primær jern- og metallindustri og verkstadindustrien. Auken var etter måten liten i treforedlings- og treindustrien, og det var produksjonsnedgang i bl. a. tekstilindustrien og lærindustrien. Den sterke ekspansjonen i somme industrigrupper heng dels saman med at produksjonsutstyret har vorti sterkare utnytta og dels at det har kommi i gang produksjon ved nyanlegg. Det gjeld bl. a. sildolje- og fiskemjølffabrikane og produksjon av karbidar og plast-råvarer. Produksjonsauken i forhold til dei sju første månadene i 1964 var 8 prosent for eksportvarer, vel 1 prosent for konsumvarer og 9 prosent for varer til direkte investering. Produksjonen av varer til bygg og anlegg steig 7 prosent og til vareinnsats elles 6 prosent. Kapasiteten til kraftverka auka med 920 MW i 1964. Dette er meir enn i noko tidlegare år. Produksjonen av elektrisk kraft kom i 1964 opp i over 44 milliardar KWh, og var i dei første sju månadene i år 27,5 milliardar KWh mot 24,9 milliardar KWh i same periode i fjor. Magasin-fyllinga er i haust svært god. Det har vori ei sterk utbygging av overførings- og samkjøringliner. Det er no om lag 4 500 personar som ikkje har elektrisk kraft, medan det var omlag 700 000 personar som mangla kraft i 1938, da Stortinget vedtok ordninga med statsstønad til elektrifiseringa av distrikt som heilt mangla eller var dårleg forsynte med elektrisk kraft.

Byggjeverksemda har hatt noko større omfang i 1965 enn i 1964. I dei sju første månadene vart det i år sett i arbeid bygg med ei samla golvflate som var 5 prosent større enn i fjor. I same tidsrommet vart det teki i bruk bygg med 3,5 prosent mindre areal jamført med i fjor. Arealet under arbeid i slutten av juli låg 7,5 prosent høgre i år enn i fjor. Talet på husvære som vart sette i arbeid i dei sju første månadene, var i år 1 250 høgre enn i fjor. Det vil i år bli teki i bruk ca. 30 000 husvære med eit brutto golvareal på 2,75 mill. m<sup>2</sup>; det er eit større areal enn i noko tidlegare år.

I anleggsverksemda var sysselsetjinga i dei sju første månadene gjennomsnittleg 1 prosent lågare enn i tilsvarende periode i fjor.

Handelsflåten auka med 700 000 bruttotonn i første halvår 1965, og var på 15,0 mill. br.tonn pr. 30 juni. Størsteparten av tilgangen var tanktonnasje. Ved utgangen av 1. halvår var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanlandske verkstader skip på til saman 4,6 mill. br. t. mot 3,8 mill. br. t. på same tid i fjor. For tørrlasteskip var fraktene på verdsmarknaden høgre i første halvår 1965 enn eit år før, men tankratene

1965. 9. okt. — Åpning av det 110. ordentlige Storting.

**(Statsråd Aase Bjerkholt)**

har gått enda meir ned. Ved utgangen av august låg skip på 15 000 br. t. i opplag mot 226 000 br. t. eitt år tidlegare.

Den innanlandske samferdsla veks. Voksteren er særleg sterk i vegtransport og lufttransport. Nye vegar og ferjesamband fører til ei omlegging av trafikken frå sjø til land.

Bilparken er i dag på om lag 600 000 kjøretøy. Talet på nyregistrerte kjøretøy i dei første 8 månadene i år var berre litt høgre enn i same tidsrom i fjor. Innanfor lastebilparken går det for seg ei markert forskyving i retning av tyngre kjøretøy. Trafikkteljingar viser at vegtrafikken auka med 10 prosent frå 1963 til 1964. Det offentlege vegnettet er no 62800 km. 8 600 km har fast dekke eller oljegrusdekke. Om lag 10 000 km riksveg er det tillatt å trafikker med akseltrykk på opptil 7 tonn. Etter at Andenes flyplass i fjor vart knytt til flyrutenettet og Tromsø lufthavn vart opna, blir 17 flyplassar trafikker av heilårige landflyruter. Dessutan går det sjøflyrute til 7 byar og tettstader 8 månader av året. Talet på passasjerar som har kommi og reist over norske flyplassar, låg i første halvår 1965 22 prosent høgre enn i tilsvarende periode i fjor. På Finnmarksruta auka passasjertalet med ca. 48 prosent. I desember 1964 vart den 121 km lange jernbanestrekninga Ustaoset—Voss opna for elektrisk drift. Dermed er heile Bergensbanen elektrifisert. Passasjertalet på jernbanen låg i første halvår i år 5 prosent lågare enn i same tidsrom i fjor. Godsmengda utanom spesielle malmtransportar steig i same tidsrom med 5 prosent.

Nettotilgangen på telefonapparat ved anlegga til Telegrafverket var i tidsrommet 1. juli 1964—30. juni 1965 37 000 mot 28 000 året før. Telefontettleiken er dermed kommen opp i 24 apparat pr. 100 innbyggjarar. Om lag 78 prosent av abonnentane er tilknytte automatsentralar. Også rikstelefonen blir automatisert i snøgt tempo. I dette året vil om lag 20 prosent av rikstelefontrafikken bli avvikla automatisk mot vel 12 prosent i fjor.

Konsumprisindeksen. I samband med løns- og prisoppgjera i 1965 gjorde Regjeringa gjennom Kontaktutvalet opptaket til eit samordna og samla oppgjer. Dei ordningar partane etter det kom fram til, la grunnlaget for ei rolegare prisutvikling i 1965 enn i 1964. Frå januar til august steig konsumprisindeksen med 1,8 prosent mot 4,0 prosent i same tidsrom i fjor. Engrosprisindeksen låg i medeltal for dei første 8 månadene av året 2,8 prosent høgre enn i tilsvarende pe-

riode i fjor. I resten av året reknar ein med berre små endringar i prisane.

For utviklinga i dei private inntektene har ein enno inga sikker oversikt. Førebels utrekningar tyder på at stigninga i realløn pr. lønstakar vil bli om lag 4 prosent.

Det private forbruket var i første halvår etter førebels utrekningar om lag 3 prosent større enn i tilsvarende periode i 1964. For heile 1965 blir det no rekna med ein auke i forhold til 1964 på 4—5 prosent.

Bruttoinvesteringane i fast kapital var monaleg større i første halvår enn i same periode i 1964. Dette heng for ein stor del saman med ein sterk auke i investeringane i skip. For heile 1965 reknar ein for tida med at bruttoinvesteringane i fast kapital vil auke med 10—11 prosent frå 1964.

Gjennom finans- og kredittpolitikken har styremaktene prøvd å tilpasse den samla etterspurnaden med sikte på full utnytting av dei realøkonomiske ressursane våre.

Gjennom løyvingar over statsbudsjettet har ytingane frå det offentlege på sentrale område vorti utvida svært sterkt gjennom ei rekkje år. Dette gjeld særleg undervisning, forskning, samferdsel og kraftlevering. Men med ein økonomi i rask ekspansjon vil det stillast store krav om stendig ny utviding av den offentlege verksemda på desse områda. Dette prega opplegget for budsjettpolitikken også for 1965.

Kreditt-tilgangen frå sparebankar og forretningsbankar har i hovudtrekka følgt den avtalen som i fjor haust vart gjord i Samarbeidsnemnda. Den samla tilgangen til næringslivet, privatpersonar og kommunar på den innanlandske kredittmarknaden har vori om lag som i fjor, medan kreditt-tilgangen frå utlandet har vori tydeleg høgre.

Stortinget vedtok i juni lova om høve til regulering av penge- og kredittforholda. Lova tok til å gjelde 1. juli og er òg delvis teken i bruk.

Rasjonaliseringsarbeidet i statsforvaltninga er utvida både i dei einskilde statsinstitusjonane og ved at kapasiteten til Rasjonaliseringsdirektoratet er auka monaleg.

Det er lagt vekt på å styrkje effektiviseringsarbeidet ved utviklings- og opplærings tiltak innanfor områda generell administrasjon og rasjonalisering. Det er skipa ei særskild gruppe i Rasjonaliseringsdirektoratet for utgreiing, planlegging og koordinering av arbeidet med elektronisk databehandling.

Personalforvaltningsproblema er tekne opp til gjennomgåande vurdering med sikte på å etablere ein tidhøveleg personaladministrasjon.

Verksemda til kommunane har auka mykje dei siste åra, og både drifts- og kapitalutgifter viser sterk stigning. Saman med endring i tabellverket med større skattefrie frådrag, har dette ført til at mange kommunar har sett skattøret opp til 19, som er maksimum etter lova. Ved forskottsutskrivninga for 1965 er det 304 kommunar som nyttar høgste skattøre og tabell I. For budsjettåret 1966 vil den summen som går til kommunal skatteutjamning, bli auka med 20 mill. til 165 mill. kroner. Om lag 113 mill. kroner blir fordelte som tilskott til vegutgiftene i fylka.

Den sterke ekspansjonen i trygdesystemet har haldi fram. Lov om enkje- og morstrygd tok til å gjelda 1. januar 1965. Pr. 20. september var det stetta i alt 18 333 søknader om pensjon etter lova. Av desse vart det gjevi full pensjon på 15 601 søknader.

Ytingane i alderstrygda, uføretrygda og attføringshjelpa vart auka med 11 prosent med verknad frå 1. januar 1965. Dei samla utgiftene til trygder er i 1965 rekna til 3688 mill. kroner og har dermed auka med ca. 60 prosent på fire år.

Ytingane etter krigspensjoneringslovene vart auka mykje med verknad frå 1. januar 1965, og er etter vedtak knytte til utviklinga av pensjonane i Statens pensjonskasse.

Talet på institusjonsplassar i barne- og ungdoms- og ettervernsheimar er auka. Ein ny verneskole for gutar vart opna i Borre hausten 1965. Planleggingsarbeidet for ein ny verneskole for jenter er påbyrja. Planlegging av fleire heimar er i god gjenge.

Utbygginga av barne- og ungdomspsykiatriske institusjonar går etter dei retningslinene som er dregne opp i lov om psykisk helsevern. Barne- og ungdomspsykiatriske institusjonar er tekne med i regionalplanane for fylka, men utbygginga er enno ikkje kommen langt nok til at ein nærmar seg behovsdekning.

Alkoholforbruket var i 1964 3,58 liter rein alkohol, rekna i gjennomsnitt pr. innbyggjar på 15 år og eldre, mot 3,66 liter i 1963. Talet på drukkenskapsmisdøyer viser også ein mindre nedgang, frå 11,9 i 1963 til 11,5 i 1964 pr. 1000 innbyggjarar over 15 år.

Den allmenne helsetilstanden må seiast å vere god.

Det har i året ikkje vori alvorlege epidemiar av farlege smittsame sjukdommar.

Helsearbeidet blant gravide og spedbarn har redusert talet på dødsfall i spedbarnalderen til 16,9 promille. Også i dei andre alders-

gruppene går det relative talet på dødsfall stendig ned, slik at vonleg levetid for nyfødte no er 75,57 år for jenter og 71,32 år for gutar.

Ved dei 25 godkjende skolane for hjelpepleiarar er den årlege kapasiteten no ca. 1100.

Med tilskott frå staten er det oppretta eller under skiping sentrale helsestasjonar (familievernkontor) i fylka. Det er gjevi retningsliner for godkjenning av slike stasjonar, og også fleire private familierådgivningskontor er i samsvar med desse retningslinene godkjende som familievernkontor. Sjuketrygdlova er endra slik at sjuketrygda i dag yter tilskott til undersøking og behandling ved godkjende stasjonar.

Folketannrøkt er til no innført i 11 fylke, og er fullt utbygd i samsvar med godkjende planar i 4 fylke. Dei fleste kommunane der det ikkje er innført folketannrøkt, held fram med fri skoletannrøkt på kommunal basis. Ein stor del av tannlækjarstillingane i folke- og skoletannrøkta blir fylte ved sivil tenesteplikt med heimel i mellombels lov av 21. juni 1956.

Det har gjennom dei siste åra gått for seg ei stor utbygging av dei vanlege sjukehusa. Vekta i utbygginga blir no i stendig større monn lagd på dei meir differensierte sjukehusa med 3 eller fleire avdelingar. I 1965 reknar ein med å ta i bruk ca. 550 nye senger.

Nettoutgiftene til kulturføremål over stats- og kommunebudsjetta er i år over 3 milliardar kroner.

I kyrkja er det no 1025 prestestillingar. I alt er det om lag 1500 kyrkjer og kapell i landet.

Talet på elevar og studentar ligg i skole- og studieåret 1965—66 på om lag 700 000. Nær 20 prosent av folketalet i landet og 11 prosent av den arbeidsføre delen av folket har utdanning som sitt hovudarbeid.

9-årig folkeskole er til no innført på forsøksbasis i 170 kommunar med om lag ein tredjedel av folket. Folkeskolekomitéen av 1963 har lagt fram si tilråding om ny lov om 9-årig obligatorisk skole for heile landet.

Det er utarbeidd ein plan for utbygging av spesialskolar for landet under eitt.

Talet på artianarar og kandidatlar frå økonomisk gymnas er i år oppe i om lag 12 000, eller 20 prosent av årskullet. Frå i haust reknar ein med at om lag 25 prosent av årskullet tek til med gymnasutdanning.

Om ein reknar med utdanning ved universitet, høgskolar og lærarskolar, får i dag 3 av 4 norske gutar og halvdelen av jentene minst eitt års yrkesutdanning. Yrkesskolane under Kyrkje- og undervisningsdepartementet har hausten 1965 om lag 38 000 heilårs elevplassar. Verkstadskolane kan i haust ta imot 1500—2000 fleire elevar enn i skoleåret 1964—

65, og yrkesskolane for handel og kontorarbeid om lag 1000 fleire elevar. Dei nye tekniske skolane i Tune og Ålesund tek opp sine første elevar i haust, medan skolen på Gjøvik er under bygging. Norsk journalistiske har teki til med verksemda.

Melding om utbygging av yrkesskolane i handverk, industri, handel og kontorarbeid er lagd fram for Stortinget våren 1965. Stortingsmeldingar er òg framlagde om husstellopp-læring og utdanning av sosialarbeidarar. Utvalet til å greie ut behovet for teknisk fagpersonale på nivået mellom verkstadskolane og dei treårige tekniske skolane har levert si tilråding.

Ei særskild nemnd er sett ned til å greie ut spørsmålet om høgre skole for allmennutdanning og yrkesutdanning for aldersgruppene 16—19 år.

Studenttalet ved universitet og høgskolar i Noreg er hausten 1965 om lag 19 000. Talet på norske studentar som blir utdanna i utlandet, er dermed komme ned i ein sjettedel av alle norske studentar medan det for 10 år sidan var ein tredjedel.

Løyvingane til universitet og høgskolar auka med 43 prosent frå 1964 til 1965. Vel 300 nye stillingar er oppretta siste året. Dermed er talet på stillingar auka med over 75 prosent på 5 år.

Løyvingane til nybygg og tomtekjøp vart meir enn fordobla frå 1964 til 1965. Bygg for vel 350 mill. kroner ved universiteta og høgskolane er i dag under arbeid eller sluttplanlegging.

Behovet for vidare utbygging av universiteta og høgskolane er teki opp til komiteutgreiing i samband med spørsmålet om behovet for alternative utdanningsveggar etter artiumsnivået.

Den samla byggjeverksemda i undervisningssektoren har auka frå 1964 til 1965. Undervisningsbygg på om lag 420 000 m<sup>2</sup> blir tekne i bruk i år.

Statens lånekasse for studerande ungdom hadde 1. januar i år ca. 95 000 låntakarar med samla utlån på 634 mill. kroner.

Det blir ytt statsstipend til skoleungdom og studentar for 69 mill. kroner. Eit utbyggingsprogram på 3000 studentbustader er i gang eller klart til å setjast i gang i Bergen, Trondheim, Ås, Nesna og Stord.

Det er sett ned eit regjeringsutval for forskning med statsministeren til formann, og med ein rådgivande hovudkomité som avløyser Forskningsrådenes fellesutvalg.

Dei første 10 mill. kroner frå Norsk kulturfond er fordelte til litteratur, biletkunst, musikk, kulturbygg og kulturvern.

Av overskottet ved sal av Minnemynten er

det fordelt 3 mill. kroner til Bryggen i Bergen, erkebispegarden i Trondheim, Utstein kloster og til Norsk heimefrontmuseum.

Det er teki i bruk 8 nye samfunnshus, 6 idrettshallar, 58 symjehallar og 104 utandørs idrettsanlegg. Ved utgangen av 1964 var det om lag 265 samfunnshus, 134 symjehallar, 60 utandørs symjeanlegg, 18 idrettshallar og om lag 4750 utandørs idrettsanlegg».

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte: Herre Konge!

Det 110. Storting som i dag er åpnet av Deres Majestet, er det første efter nyvalg.

Forholdene i verden er preget av uro, usikkerhet og hurtige omskiftninger. De vil legge sterkt beslag på Stortingets oppmerksomhet. Arbeidet for å sikre fred og frihet og å gjøre De forente nasjoner til et effektivt organ for dette, vil kreve også Stortingets stadige interesse og medvirkning.

I vårt eget land vil mange og store saker kreve sin løsning.

Som tidligere storting står også dette overfor mange og forskjelligartede oppgaver. Det vil stilles de største krav til de enkelte representanters vilje til arbeid og samarbeid for at vårt felles ansvar for å løse oppgavene skal kunne oppfylles.

Mange tidligere representanter møter i det nye Storting. Disses innsikt og erfaring blir av stor betydning for Stortingets arbeid. Det møter også mange nye og til dels unge representanter, med friske krefter og vilje til innsats i Stortingets arbeid.

Deres Majestet uttalte det ønske at Stortingets gjerning måtte bli til gagn for fedrelandet. Det er Stortingets mål og vilje at dette ønske skal gå i oppfyllelse. I forvisning om at Stortinget og hver enkelt representant vil gjøre sitt yderste for å løse de mange og store oppgaver som ligger foran oss, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Dette ønske istemte Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen med følge forlot deretter Stortinget, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottagelsen.

**Presidenten:** Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.30